



Ingve Hjelmæsæter kom heilt frå Kina til festen.

I går hadde avgangskullet frå Rosendal ungdomsskule i 1986 samling på Oska. Der hadde gjengen som gjekk ut av ungdomsskulen for 30 år sidan, ei flott mimrestund. Rundt rekna halvparten av kullet var med på festen. Av dei hadde Ingve Hjelmæsæter frå Løfallstrand reist lengst. Han kom heilt frå Kina.



Trubaduren Thor Ivar Hellesøy som vi kjenner fra Røysterett, underholdt.

Før festen i går hadde uskedalen.no ein kort samtale med Knut Andreas Myklebust som var ein av dei som drog festen i gang. Han fortalde at dei også hadde hatt ei samling på Rosendal Fjordhotel for 10 år sidan. I tillegg hadde Uskedalsklassen også hatt ei samling på Vertshuset her i Uskedalen tidlegare. I kullet var det 3 klassar på til saman 71 elevar. 36 av desse var påmelde til festen, og blant dei var desse 13 frå Uskedalen:

Sissel Eik Haave
Kjetil Hauge
Bjarte Døssland
Jarle Eikeland
Ann Irene Sæle
Anne Bakke Handeland
Rune Hjørnevåg
Kurt Birger Hagen
Anita Enæs
Bente Rød
Bjørn Bringedal
Jan Morten Snilstveit
Knut Andreas Myklebust
Ann Kristin Fausk var omvikedalselev, men er no busett i Uskedalen.

Knut Andreas Myklebust fortalde at dei skulle ha heile kvelden på Oska der dei skulle kosa seg med god drøs, god mat, underholdning og 80-talsmusikk med dans. Kort sagt eit godt sosialt samvær.

Då vi var i kontakt med han i dag, var han svært fornøgd med kvelden. Maten på Oska hadde fått svært mykje skryt, ja, han hadde berre høyrte vellæte. Dette gjorde at eg tok kontakt med kokken Roy Lervåg for å høyre kva dei hadde fått servert. Han kunne fortelja at dei fekk ei fyrrig oksegryte av høgrygg som hadde stått ein del timar og godgjort seg med røykt chipotl pepar. I tillegg var det appelsinkokte gulrøter, marinert portobellsopp og pastinakk. Til dessert var det ein eplekompott med sjokolade- og peanøttcrumble og piska ostekrem.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Andreas Myklebust